

Roald Kleivi  
Fallanveien 6 A  
0495 OSLO

SAKSHANDSAMAR: PETER KÖLLER – SAKSNR.: 2015/1522 – DATO: 30.06.2015

## VEDTAKSBREV

Verneområdestyret handsama saka i møtet 23.06.15.

### Vurdering

Hytta ligger i brukssona. Relevant forvaltingsmål for brukssona i denne saka er at *"Områda skal forvaltast med tanke på områdas art og karakter utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming."* Om bygningar seier forvaltningsplanen følgjande som er spesielt for brukssona:

- Innanfor sona skal det vere tillét med naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar. Det kan og gjevast løyve til tilbygg og ombygging av eksisterande bygningar.
- Det er særskilte retningsliner for estetikk og materialbruk.
- Det kan gjevast løyve til oppføring av nye bygningar som er naudsynt i samband med jord- og skogbruksdrift.
- Ein kan unntaksvis gje dispensasjon for oppføring av bygningar i samband med annan utmarksnæring.

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Verneføresegna kap. IV pkt. 3 seier at «Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til: 3.2 mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området.»

Forvaltningsplanen er ikkje tydeleg nok når det gjeld krav til fritidshusvære, men seier for bygningar i samband med landbruk, at tilbygg på inntil 10 kvadratmeter til eksisterande bygningar kan tillast dersom samla areal ikkje overstiger 50 kvadratmeter. Sjølv om desse tala er retta mot landbruksbygg, har både intensjonen og praksisen vært at man ikkje er meir liberal for fritidshusvære enn for landbruksbygg. Det er også ved fleire høve uttrykt at manglande arealomtale for fritidshusvære i forvaltningsplanen er ein direkte feil.

I denne saka søkjast det om eit tilbygg på ca. 34 m<sup>2</sup>. Hyttas totalareal(BYA) vil etter ombygging bli på ca. 99 m<sup>2</sup> pluss veranda.

Kunnskapsgrunnlaget for denne saka(jf. NML § 8) er basert på Naturbasen, forvaltningsplan, Norsk rødliste for naturtyper, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtselsplan for stølsområde. I tillegg kjem all kunnskap om villreinen i området. Villreinnemnda er difor kontakta. Hytta ligger i utkanten av villreinens leveområde. Her er normalt verken kalving eller viktig vinterbeite, men området er likevel eit viktig habitat for reinen i Brattefjell-Vindeggen. Sumar og haust har reinen ein klår preferanse for å bruke lågareliggende område og det er godt kjend at reinen periodevis opphelder seg i området.

Området er dominert av myr, fjellbjørk og fjellgranskog. Det er ikkje kjende kulturminne i område og heller ikkje registrert raudlista naturtypar på staden.

Eit tilbygg som søkt vil gje fleire sengeplassar og såleis auka kapasitet sjølv om søkjaren fortel at det ikkje er målet med utbygginga. Føremålet er å gje dagens brukarar av hytta meir privatliv.

Hytta er allereie større en dei 50 m<sup>2</sup> som er definera som maksimal størrelse i Brattefjell-Vindeggen. Hytta slik den er i dag, er blant dei større i landskapsvernrområde. Å gje løyve til å auke hyttas areal, er i strid med forvaltningsplanen, både når det gjelder tilbyggets størrelse og hyttas totalareal, og vil ha ei uheldig presedensverknad.

Verneområdeforvaltaren trur ikkje ei utviding vil ha særleg negativ effekt på biomangfald og heller ikkje natur- og kulturverdiar generelt. Ei utviding vil moglegvis gje noko auke i bruk, og slik sett ei lita auke i samla belastning for økosystemet(jf NML § 10). Særleg endring i oppleving av landskapet blir det heller ikkje.

Likevel vil forvaltaren tilrå at det ikkje blir gjeve løyve til tilbygget. Med sine 99 kvadratmeter bygd areal ville hytta vere nesten dobbelt så stor som det ein ønskjer skal være maksimalt areal i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev ikkje Roald Kleivi løyve til oppføring av tilbygg på hytte ved Småtjønn, gnr. 100 bnr. 20 i Seljord jf. søknaden dagsett 23.03.2015.

Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

**Samrøystes vedtak i verneområdestyret:**

**Verneområdestyret gjev ikkje Roald Kleivi løyve til oppføring av tilbygg på hytte ved Småtjønn, gnr. 100 bnr. 20 i Seljord jf. søknaden dagsett 23.03.2015.**

**Avslaget er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 1.1 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.**

**Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.**

Med helsing

Peter C. A. Köller  
seniorråddevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*

Kopi:

- Seljord kommune
- Miljødirektoratet
- Fylkesmannen i Telemark
- Statens naturoppsyn Skinnarbu
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil også bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.